

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FE - 223, FA - C00	17/2861

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
84/2017	Utval for levekår	PS	28.11.2017

## Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2017/18 - Meland kommune

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Fylkeskommunen si ordning «*Tilskot til vern og vøling av verneverdige bygg*» vart endra i 2017, der kommunane no har fått ei aktiv rolle i søknadshandsaminga. Dette må sjåast i samanheng med arbeidet med kulturminneplanar i kommunane.

Tilskotsordninga heiter no «*Tilskot til verna kulturminne i Hordaland*», og tek sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone eller vurdert av fylkeskommunen til å ha høg regional verdi.

Det er kommunen som no søker tilskot med bakgrunn i innkomne søknadar lokalt, og som så fordeler vidare eventuelt tilskot til dei opphavlege søkerane. Ein får ikkje støtte til tiltak på kulturminne i offentleg eige, på freda kulturminne eller til ordinær drift og vedlikehald.

Det overordna målet med ordninga er å sikre regionen sine kulturminneressursar som vitskapleg kjeldemateriale og grunnlag for nolevande og framtidige generasjonars oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd. Tilskotsordninga sitt føremål er å minimalisere tapet av verneverdige kulturminne, gjennom å støtte kommunar som tek ansvar for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale og regionale mål. Ordninga skal stimulere til auka innsats på kulturminnefeltet og styrka vern av prioriterte kulturminne av lokal og regional verdi.

Tildelinga føreset kommunal eller eventuelt anna finansiering i minst tilsvarende storleik. Tiltaka skal følgje antikvariske retningslinjer. Vidare vert det lagt vekt på kulturminnet sin regionale kulturminneverdi, eventuelt fritak for eigedomsskatt for bygningar med historisk verdi, kommunal tilskotsordning for kulturminne, lokal forankring og vedteken kulturminneplan. Det siste punktet er varsla å førebels kunne sjåast vekk frå, etter som mange kommunar i fylket ikkje enno har ein vedteken plan. Søknaden frå kommunen må innehalde ei kort skildring av tiltaka med finansierings- og framdriftsplan i prioritert rekkjefølgje.

Etter som Meland kommune ikkje har ein vedteken kulturminneplan med prioriterte kulturminne, må kommunen gjere ei særskild prioritering av innkomne søknadar. Vurderingane er gjort med omsyn til føresetnadane i Planprogram for Kulturminneplan i Meland kommune.

## **Vurdering**

Det er komne inn tre søknadar: (1) Kjell Hjertås søker om tilskot til rehabilitering av eit eldre tømra uthus ved Holmestova, (2) Gripen gard, ved Helene Olli Sollid, søker om tilskot til sikring av eldhus, (3) Georg Claussen og Holsnøy kystlag søker om tilskot til ferdigstilling av rehabiliteringa av Prestebryggja på Husebø.

### **Kjell Hjertås, tømra uthus ved Holmestova**

Kjell Hjertås søker tilskot til rehabilitering av eit tømra uthus, vurdert av bygningsvernkonsulent ved MUHO til å vere frå 1700-talet. MUHO bidreg med rådgjeving til gjennomføring av tiltaket. Uthuset er nabo til Holmestova, er truleg del av det gamle fellestunet på Holme og er tilhøyrande Holmestova. Uthuset er sett saman av gjenbruksmaterial, og i motsetnad til Holmestova, som har store ovale stokkar utan kinning i underhogget og raulandsnov, er det i uthuset mindre stokkar med lett avrunda til nesten flatt tverrsnitt, der det er nytta midtstolnov. Det er både høvla og øksa overflater i tømmeret, med fellestrekk til andre daterte bygg frå 1700-talet.

Bygget er ikkje SEFRAK-registrert, og ligg like sør for spesialområde vern, offentlig område/museum i *Reguleringsplan for delar av Holme-Holmeknappen – planid 125619940907*. Planen har som generelt føresegn av «*Alle tiltak skal ta omsyn til kulturminneverdiane i området, m.o.t. plassering, utforming og materialval*». Bygget ligg i omsynssone H570\_2, i *Kommuneplanens arealdel for Meland 2015–2026*, som skal sikre «*...eit så autentisk miljø som mogeleg rundt det verna kulturmiljøet...*».

Tilskotet skal nyttast til å setje i stand uthuset, vøle tømmer, opplengjer, bjelkelag, golv, vindauge og kledning. Vidare skal det ryddast, gravast og drenerast kring huset. Huset skal settast i stand med same type materialkvalitet som i dag, og opphavleg handverksteknikk. Tiltaket skal gjennomførast i 2018.

Til rehabiliteringa av uthuset vert det søkt den fylkeskommunale ordninga om kr 30 000. Tiltaket har fått tilskot kr 50 000 frå Meland kommune, søkt stiftinga UNI om kr 40 000 og skal leggje inn kr 57 000 i eigne midlar, for ein totalkostnad på kr 177 000. Kostnadsoverslaget er utarbeida av Dennis Guhl og Arild Sætre ved MUHO.

Holmeknappen er eit flott kulturmiljø på Holsnøy, med Holmestova datert til 1567 som hjartet i området. Tilknyttinga til sjøen er tett, med dokumentert naustleige frå tidleg 1700-tal og drift av brennevinssal frå same tid. Plassen har vore nytta til byføring over lenger tid av gardane i området, og inneheld pensjonat, ei større verna sjøbu, verna naustmiljø, meieri og ulike bygg og strukturer i tørrmur. Meland kommune driv i dag museumsverksemd i området, som saman med Galleri Rustica, med tilhald i ei 1800-talsløy i tørrmur og grindverk, utgjer ein flott stad og oppleve og formidle kulturhistoria i området. Kystsogedagane vert arrangert her. Uthuset står i tillegg til Holmestova saman med eldre bru, kvernhusruin, gardsflor, utløe, oppmurt geil til utmark og eldre løeruin med nedgraven flor.

Tiltaket får prioritet 1, med søknadssum kr 30 000.

### **Gripen gard, ved Helene Olli Sollid – sikring av eldhus**

Sollid søker tilskot til å sikre eldhuset på garden, SEFRAK-id 12560202008, bygningsnr. 176021047. Bygget vart truleg sett opp på bruket på slutten av 1800-talet, men har tømmer eldre enn dette og kan ha vore ei tidlegare røykstove. Bygget har vernemur av stein mot nordvest, og inneheld ei eldre murt omn med skorstein, korntørke, vedskjul, lem, hønsehus og utedo.

Tiltaket har tidlegare fått tilskot frå SMIL, «Ta et tak», Kulturminnefondet og Meland kommune på totalt kr 130 000. Somme tilskot har ikkje vore nytta innan frist grunna manglande totalfinansiering

og naudsynte prioriteringar på andre av dei eldre bygga på garden.

Søkjjar ønskjer no å sikre eldhuset og søkjer den fylkeskommunale ordninga om kr 40 000, for ein totalkostnad på kr 239 000, med andre tilskot på kr 80 000 og det resterande i eigeninnsats.

Gripen gard er eit forbilde for ny bruk av gamle gardar, og eit urørt vestlandsk småbruk. Her er det rehabilitert våningshus, aktiv beiting og gardsdrift, tørrmuringskurs på løa, sikring av sjeldan kombinert smie og vognskjul, og rehabilitert vassag. Det siste ståande kvernhuset i Meland ligg på nabobruket, og garden har ein særleg kulturhistorisk verdi i lys av eigen historie og posisjon som kulturhistorisk formidlar i regionen. Garden tek i mot flyktningar som får gjere gardsarbeid og leigar ut rom til kunstnarar og friluftsfolk. Tiltaket skal gjennomførast i 2018.

Tiltaket får prioritet 2, med søknadssum kr 40 000.

### **Georg Claussen/Holsnøy kystlag – ferdigstilling av rehabiliteringa av Prestebryggja på Husebø**

Claussen og Holsnøy kystlag har i 2017 rehabilitert den gamle Prestebryggja i Husebøvågen nord på Holsnøy, truleg bygd kring 1850. Bryggja er i tørrmur og står saman med eit eldre vegfar mot sørvest.

Stein- og murarbeidet har vorte utført av tradisjonstørrmurar Haakon Aase, og søknaden gjeld ferdigstilling av den siste delen av arbeidet. Claussen og Holsnøy kystlag søkjer til den fylkeskommunale ordninga om kr 40 000, av ein totalkostnad på kr 50 000. Gjennomført rehabilitering har fått kr 20 000 i tilskot frå Meland kommune, og kr 78 000 frå Kulturminnefondet.

Bryggja vart nytta av presten på Manger på veg til Herdlakyrkja, der han kryssa over land for å unngå dei meir utsette farvatna kring Skjelanger. Bryggja står i samband med Prestenaustet i Sætrevika, på andre sida av landeidet. Det er fleire SEFRAK-registrerte naust i Sætrevika, og eit særleg flott SEFRAK-registrert naust- og notbumiljø i Husebøvågen. Prestebryggja er eit viktig kulturminne for å syne den gamle kulturhistoriske koplinga i havsamfunnet nord i Øygarden, på Herdla og Holsnøy, og mot Toska og Manger. Vidare er bryggja ein rest av kyrkje- og skipreiehistoria i ytre Nordhordland, og for storgardane Herdla og Manger sin viktige historiske posisjon i området.

Tiltaket får prioritet 3, med søknadssum kr 40 000.

### **Folkehelse**

Rehabilitering og vøling av kulturminne er med å skape stadkjensle og byggje oppunder identitet i lokalsamfunna.

### **Miljø**

Saka har ikkje påverknad for miljøet.

### **Økonomi**

Saka har ikkje konsekvensar for kommuneøkonomien.

### **Konklusjon**

Prioritering/søknad frå Meland kommune til Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2017/18 ligg føre, med følgjande rekkjefølgje: (1) Kjell Hjertås/tømra uthus ved Holmestova, (2) Gripen gard ved Helene Olli Sollid, sikring av eldhus, (3) Georg Claussen og Holsnøy kystlag, ferdigstilling av rehabiliteringa av Prestebryggja på Husebø. Vurderinga er gjort med omsyn til føresetnadane i Planprogrammet for Kulturminneplan for Meland kommune.

**Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår godkjenner prioriteringa av innkomne søknadar i tråd med grunngjevinga i vurderinga og etter føresetnadane i Planprogram for Kulturminneplan for Meland kommune.

Utval for levekår godkjenner at det vert sendt vidare søknad til Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2017/18 med følgjande prioritering: (1) Kjell Hjertås/tømra uthus ved Holmestova, (2) Gripen gard ved Helene Olli Sollid, sikring av eldhus, (3) Georg Claussen og Holsnøy kystlag, ferdigstilling av rehabiliteringa av Prestebryggja på Husebø.

**Utval for levekår - 84/2017****ULK - behandling:****ULK - vedtak:**

Utval for levekår godkjenner prioriteringa av innkomne søknadar i tråd med grunngjevinga i vurderinga og etter føresetnadane i Planprogram for Kulturminneplan for Meland kommune.

Utval for levekår godkjenner at det vert sendt vidare søknad til Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2017/18 med følgjande prioritering: (1) Kjell Hjertås/tømra uthus ved Holmestova, (2) Gripen gard ved Helene Olli Sollid, sikring av eldhus, (3) Georg Claussen og Holsnøy kystlag, ferdigstilling av rehabiliteringa av Prestebryggja på Husebø.